

# MØTEPROTOKOLL

---

**Utval:** Utval for oppvekst og omsorg  
**Møtestad:** kommunehuset  
**Møtedato:** 29.11.05 **Tid:** 15.00-18.30

---

Innkalling til møtet vart gjort i samsvar med § 32 i kommunelova.

Sakslista vart sendt medlemene og varamedlemene (evt. dei to første varamedlemene på kvar valliste) i brev.

Møtet vart kunngjort i Samningen.

Av 7 medlemmer møtte , inkl. 0 varamenn:

**Andre som var tilstade på møtet:** Pedagogisk konsulent under skriv og meldingar.  
Ass.adm.sjef Våge under heile møtet.

**Merknader:** Magda Haugen var ugild i sak 17/05 og 20/05.

Evt. merknader til protokollen må sendast Samnanger kommune innan 3 dagar.

Tysse, 5. desember 2005

**GODKJENNING AV INNKALLING OG SAKSLISTE:**

Innkalling og sakliste vart godkjent

**GODKJENNING AV PROTOKOLL FRÅ FØRRE MØTE:**

Protokoll vart godkjent.

**UTVALET SITT KVARTER:**

**Magda Haugen** stilte spørsmål om det var mogleg om å sjå på bibliotektilhøva gjennom å lage ein evt. bibliotekplan/kulturplan.

Ass.adm.sjef orienterte om at det i løpet av desember vert tilsett ny biblioteksjef. Det er i budsjettet for 2006 sett opp arbeid med kulturplan som målsetting for kultureininga. Både bibliotek, kulturskule og anna kulturarbeid kan i ein slik plan verta evaluert og vurdert med tanke på framtida.

**MERKNADER TIL SKRIV OG MELDINGAR:**

- Ass.adm.sjef og ped.konsulent orienterte om **ekstern vurdering av Samnanger ungdomsskule** der temaet var: ”Fremjar det fysiske læringsmiljøet ved skulen helse, trivsel og læring?” Offentleg rapport frå vurderingsgruppa i Midthorland regionen, datert 01.11- 03.11.05, vart delt ut i møtet.  
Utvalet støtter ungdomsskulen i det vidare arbeidet der skulen skal arbeida meir for elevmedverknad på alle område. Dette er i tråd med utvalet sitt vedtak for hovudmål og delmål for skulane i Samnanger, jfr sak 02/05. Oppfølgingsrapporten skal liggje føre i mai og denne vert lagt fram som eiga sak til utvalet.
- Teknisk eining har starta arbeidet med **den nye barnehagen på Gjerde** og har hatt møte med grunneigarane. Dei er positive til tiltaket og teknisk eining ser for seg å fremja ei sak om reguleringsendring i januar.
- **PPT-samarbeidet med Vaksdal og Modalen** er oppsagt frå 1. august 2006. Administrasjonen vurderar no tilbod om nytt samarbeid med Os/Fusa. Det har vore eit møte med desse og der me vil undersøkje ulike modellar for kjøp av denne tenesta. Utvalet/kommunestyret vil få ei sak om dette på nyåret.
- Pedagogisk konsulent orienterte om **venskapssamarbeidet / Fredskorpset**. Utvalet slutta seg til at administrasjonen lagar ei evaluering og status for prosjektet. Denne vert lagt fram i lag med vurderingsrapporten til neste møte.
- Ass.adm.sjef orienterte om at koordinator for funksjonshemma, Hilde S. Ingvarsen, har fått oppgåva som sekretær for **råd for personar med nedsett funksjonsevne**.

Desse sakene vart handsama:

## SAKSLISTE

<b>Utvalgssakstype/nr.</b>	<b>Arkivsaksnr. Tittel</b>
0017/05	05/00359 <b>NOU 2005:8 LIKEVERD OG TILGJENGE.</b>
0018/05	05/00375 <b>IDRETTSSTIPEND.</b>
0019/05	05/00412 <b>SPELEMIDLAR 2005. KOMMUNEN SI PRIORITERING</b>
0020/05	05/00411 <b>OFFENTLEG STADNAMNFORVALTNING I BERGEN OG OMLAND REGIONRÅD.</b>

0017/05

## **NOU 2005:8 LIKEVERD OG TILGJENGE.**

### **Framlegg til vedtak::**

Samnanger kommune meiner det er svært positivt at det no vert sett fokus på temaet med likeverd og tilgjenge og at personar med nedsett funksjonsevne vil få eit rettsleg vern mot diskriminering i samfunnet.

Dersom forslag til lov og lovendingar skal verta følgd opp i samfunnet, er det er ein avgjerande at det vert løyvd midlar over statsbudsjettet til dei enkelte kommunane slik at tiltak som er skisserte kan gjennomførast.

### **Handsaming i møte:**

Magda Haugen er sakshandsamar i saka. Ho vart samrøystes funnen ugild i saka og gjekk ifrå. Nils Gåsdal sette fram følgjande tilleggsframlegg: ”Kommunen viser til mindretalet i Syse-utvalet i at samferdsle og IKT må takast med i § 11.”

Det vart røysta over framlegget med tillegg frå Gåsdal, som vart samrøystes vedteke.

### **Vedtak:**

Samnanger kommune meiner det er svært positivt at det no vert sett fokus på temaet med likeverd og tilgjenge og at personar med nedsett funksjonsevne vil få eit rettsleg vern mot diskriminering i samfunnet. Kommunen viser til mindretalet i Syse-utvalet om at samferdsle og IKT må takast med i § 11.

Dersom forslag til lov og lovendingar skal verta følgd opp i samfunnet, er det er ein føresetnad at det vert løyvd midlar over statsbudsjettet til dei enkelte kommunane slik at tiltak som følgjer av lova kan gjennomførast.

0018/05

## **IDRETTSTIPEND.**

### **Framlegg til vedtak::**

### **Handsaming i møte:**

Fellesframlegg: ”Utvalet for oppvekst og omsorg ber administrasjonen om å utarbeida ei sak for politisk handsaming. I saka skal det gjerast greie for korleis ei ordning med eit kulturstipend for unge personar kan vera i Samnanger.

Av kriteria som skal leggjast til grunn for eit slikt stipend meiner OO-utvalet følgjande:

- ✓ Tildeling til unge lovande personar som er busette i kommunen (sjølv om dei kanskje går på skule andre stader) og som har utmerka seg innan kultur.
- ✓ Stipendet kan delast ut 1. gong for året.
- ✓ Midlane til stipendet skal takast frå ”potten” kulturmidlar og skal delast ut av utvalet for oppvekst og omsorg.

- ✓ Tildelinga skal innarbeidast i vedtektene for kulturmidlar.

Det vart røysta over framlegget, som vart samrøystes vedteke.

**Vedtak:**

Utvalet for oppvekst og omsorg ber administrasjonen om å utarbeida ei sak for politisk handsaming. I saka skal det gjerast greie for korleis ei ordning med eit kulturstipend for unge personar kan vera i Samnanger.

Av kriteria som skal leggjast til grunn for eit slikt stipend meiner OO-utvalet følgjande:

- ✓ Tildeling til unge lovande personar som er busette i kommunen (sjølv om dei kanskje går på skule andre stader) og som har utmerka seg innan kultur.
- ✓ Stipendet kan delast ut 1. gong for året.
- ✓ Midlane til stipendet skal takast frå "potten" kulturmidlar og skal delast ut av utvalet for oppvekst og omsorg.
- ✓ Tildelinga skal innarbeidast i vedtektene for kulturmidlar.

0019/05

**SPELEMIDLAR 2005.  
KOMMUNEN SI PRIORITERING**

**Framlegg til vedtak::**

**Handsaming i møte:**

Fellesframlegg: Tilråding frå OO; Prioriteringsliste som i saksframlegg - siste side. Samrøystes vedteke.

**Vedtak:**

Samanger kommune søker om spelemidlar for 2006 etter følgjande prioritering:

1. Elektroniske skiver – Tysse skytterlag
2. Ballbinge ved Samnanger ungdomsskule, Samnanger kommune
3. Treningsløype, Eikedalen skisenter
4. Snøproduksjonsanlegg, Eikedalen skisenter
5. O-kart, Samnanger idrettslag

0020/05

**OFFENTLEG STADNAMNFORVALTNING I BERGEN OG OMLAND  
REGIONRÅD.**

**Framlegg til vedtak::**

Saka vert lagt fram utan tilråding.

**Handsaming i møte:**

Magda Haugen er sakshandsamar i saka. Ho vart samrøystes funnen utgild i saka og gjekk ifrå.

Fellesframlegg; ”Utvalet ønskjer ikkje at det vert lagt opp til ei samordna offentleg stadnamnforvaltning i dei kommunane som kjem inn under Regionrådet for Bergen og Omland. Dette vil kunna gå ut over lokale stadnamn og identiteten knytt til dette.”

Fellesframlegget vart samrøystes vedteke.

**Vedtak:**

Samnanger kommune ønskjer ikkje at det vert lagt opp til ei samordna offentleg stadnamnforvaltning i dei kommunane som kjem inn under Regionrådet for Bergen og Omland. Dette vil kunna gå ut over lokale stadnamn og identiteten knytt til dette.